



Roar Angelskår
Hodnesdalsvegen 153
5915 HJELMÅS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/8053 - 23/43444

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
07.07.2023

Hodnedalsvegen - Svar på søknad om tilskot til skogvegbygging på gbnr 198/3

Vi syner til dykkar søknad om tilskot til bygging av Hodnedalsvegen. Stasforvaltaren i Vestland fordeler årleg midlar til skogsvegbygging til kommunane i Vestland fylke.

Til Statsforvaltaren har vi meldt inn trong for kr 4.300.000 til skogsvegar. Vi fekk tildelt kr. 1.000.000,-. Vi har difor ikkje midlar til alle vegprosjekt som Alver kommune har motteke siste åra.

Vi vil, om du/de ynskjer det, la søknaden liggje over til neste år i von om meir midlar i høve innkomen søknadsmasse då, men vi kan sjølvsagt ikkje love noko om utfallet på førehand. Det er fint om du gjev attendemelding om dette innan august i år.

I år kan vi diverre ikkje løyve midlar til dykkar prosjekt.

Vi ser òg at kartvedlegget til søknad om tilskot der vegtraséen er teikna inn, ikkje samsvarar med traséen som vart godkjent 01.06.22 med korrigert vedtak 03.06.22. Det har sikkert si naturlege forklaring, men det kunne vore greitt å fått klårlagt dette – gjerne med ei synfaring. Underteikna vil ta kontakt med deg om dette om litt.

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hildegunn Vatshelle Hillestad

Hodnesdalsvegen 230

5915

Hjelmås

Mottakarar:

Roar Angelskår

Hodnesdalsvegen 153

5915

HJELMÅS